



VOSS HERAD 2020

INFORMASJON FRÅ "HELSE OG OMSORG" NR: 4

TA GJERNE KONTAKT! ☺

Jenny Eidnes Kjerland Tlf 91638821

Jenny.e.kjerland@granvin.kommune.no

Anne Berit Himle: Tlf 97721276

Anne.b.himle@voss.kommune.no

Trude Kvarekval Lydvo Tlf 95262088

Trude.k.lydvo@voss.kommune.no

HELSE OG OMSORG-VOSS HERAD 2020

Det er spennande tider for oss i helse og omsorg for tida. Me er stadig i endring. Dette krev mykje av den enkelte arbeidstakar og av organisasjonen. Me skal gje rett teneste til rett brukar på rett tid og rett stad. Dette inneber å jobbe tett på brukarane våre og ha eit tett og nært samarbeid med pårørande og tverrfagleg samarbeid mellom yrkesgrupper.

På www.vossherad.no finn du diverse informasjon om samanslåinga. Me anbefaler sterkt å gå inn der å lesa. Me vil at DU skal komme med innspel til oss. Du har sjansen til å bidra- BRUK DEN!

MEDVERKAND

Me som tillitsvalte og verneombod har gitt klar og tydeleg beskjed om at det er særst viktig at «folk på golvet» får vere med og delta i ulike arbeidsgrupper og at ein vert tatt med i arbeidet. Det er derfor veldig viktig at dykk deltar aktivt i arbeidet og gjev innspel slik at det vert forankra i fotfolket. Me tar i mot alle innspel og bringer dette vidare. DU har sjansen til å bidra og kan dermed få eit eigarskap til tenestene. Kom med forslag, då er du med og forma tenestene våre framover.

Kompetanse

Menneska vert stadig eldre og har eit meir komplekst sjukdomsbilde når dei vert sjuke. Det krev mykje av oss i helse og omsorg. Å ha rett



Anne Berit Himle

kompetanse på rett plass er viktig for å få den beste tenesta til brukarane. Det er også veldig viktig for oss som jobbar i tenesta, at me har kompetente medarbeidarar som tar ansvar og som gjer sitt beste for brukarane. Det er gjerne krevjande utfordringar me står oppi.

ARBEIDSGRUPPER

Det e fortsatt 3 arbeidsgrupper som er under hovudprosjektgruppa frå helse og omsorg. Desse gruppene jobbar med ulike temaer/ prosjekt. 22.03.19 hadde alle gruppene og hovudgruppa fellessamling der gruppa får legge fram arbeidet sitt fram til no. Dette er gode samlingar der ein får diskutert seg igjennom ulike utfordringar saman. Referat etter møter vil ligge tilgjengeleg på nett. I arbeidsgruppe 2 førebyggjande tenester og fellestenester, vert det jobba ein del med lagerkapasitet i forhold til hjelpemiddel. Det er stort trong for ein ny lagerplass for å imøtekomma hjelpemiddelbehova framover.

Tenesteutvikling i Voss Herad

Tenestene skal dreiest frå institusjon til heimebaserte tenester. Det er beslutta å sjå på område aust for korleis ein best kan gjere dette. Dette grunna at område aust har hatt 2 pilotprosjekt i forhold til tildelinga av vedtak i heimesjukepleien og 2 fleksible kortidsrom i institusjon. I arbeidsgruppa som arbeider med dette er det med ein arbeidar frå institusjon og ein frå heimesjukepleien, i tillegg til verneombud og tillitsvalt frå NSF og fagforbundet. Det vert jobba på område aust med alle grupper om prosjektet. Viktig at alle bidrar for å få eit best mogeleg resultat.



Trude Kvarekval Lydvo

Informasjon

Det er eit stort behov for informasjon. Me kan ikkje få informera nok. Derfor kom me på ideen om å gje ut nyheitsbrev. Håper det er mange som lesar dette. Det blir lagt ut på internett og facebook sida til voss herad. Det har vert noko dårleg med å få ut informasjon/møtereferat ut på internett, men me er sikre på at dette kjem til å verte betre framover. Referat etter møter kjem til å bli lagt ut på intranett, avdelinga mi, Voss herad prosjektområde Viktig at de tar kontakt dersom det skulle vere noko de sitt inne med.

Den som har eit kvifor, kan nesten holde ut kva som helst korleis.

Med venleg helsing Anne Berit Himle, Jenny
Eidnes Kjerland og Trude Kvarekval Lydvo



Jenny Eidnes Kjerland